

Kunnskapsdepartementet
Opplæringsavdelinga
Postboks 81 19 Dep
0032 OSLO

Ref:
0200703160

Vår ref:
07/2484 - 008

Saksbeh.:
Anne Løken 2245 3002

Dato:
23. oktober 2007

NOU 2007: 6 FORMÅL FOR FRAMTIDA – FORMÅL FOR BARNEHAGEN OG OPPLÆRINGEN – HØYRING

Vi viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet datert 19. juni 2007.

Høgskolen i Oslo har desse merknadene til NOU 2007: 6 *Formål for framtida – Formål for barnehagen og opplæringen*:

1. Til heilskapen og dei einskilde ledda i framlegga til nye formål

Utvalet skal ha honnør for solid arbeid med utgreiinga. Utvalet har knytt til seg eit breitt register av fagleg ekspertise og hatt kontakt med mange sentrale aktørar innanfor barnehage-, skole- og opplæringsfeltet undervegs i arbeidet. Utvalet har sjølv følgd opp med omfattande og djuptgåande vurderingar, og den framlagde innstillinga er resultat av ei grundig gjennomarbeiding av materialet dei har hatt til disposisjon.

Som det blir peika på i innstillinga, har endringar i tidlegare formålsparagrafar for barnehage og opplæring gjerne gått ut på at gjeldande paragrafar er blitt utvida med nye element. I dette tilfellet har utvalet lykkast i å gå motsett veg. Resultatet er blitt eit framlegg som både er komprimert og innhaldsrikt.

Høgskolen i Oslo vil sterkt støtte framlegga til nye formålsparagrafar. Utvalet har på ein imponerende måte klart å nå fram til konsensus og har utforma samlande formuleringar som på eit langt betre vis enn dagens formålsparagrafar uttrykkjer fellesverdiar for barnehagen og opplæringa, som menneskeverd, åndsfridom, nestekjærleik, likeverd og solidaritet. Samstundes blir det vist respekt for at desse verdiane i det moderne samfunnet er forankra i ulike religionar og livssyn. Dei foreslåtte paragrafane gir ei solid verdiforankring for barnehage og opplæring i eit fleirkulturelt Noreg og sikrar eit godt grunnlag for ein tillitsfull dialog og eit godt samarbeid med heimen. Som utvalet sjølv seier i forordet til utgreiinga: "Det er viktig å erkjenne at det er ulike syn på spørsmål knyttet til verdier, identitet, kultur, tro og livssyn."

For Høgskolen i Oslo som utdannar førskolelærarar, allmennlærarar, faglærarar og tospråklege lærarar med særleg vekt på å kvalifisere for arbeid i eit fleirkulturelt og globalisert samfunn, er framlegga til nye formålsparagrafar gledelege og viktige. Framlegga tek godt vare på så vel fleirtal

som mindretal i befolkninga, og vil, slik dei er utforma, i seg sjølv kunne verke samlande både på samfunnsnivå og institusjonsnivå. Dei vil òg styrke vekta på fellesverdiar i samfunnet.

Utvalet har på ein god måte fokusert på barnas og dei unges behov for utvikling og rettleiing i dei pedagogiske institusjonane. Dette kjem til dømes til uttrykk ved at leiken har fått ein tydeleg plass i formål for barnehagen. Framlegga tek vare på det beste i tradisjonane i norsk barnehage og opplæring og har samstundes opna opp for verda og den mangfaldige verkelegheita som barn og unge i dag lever i. Utvalet har ambisjonar om at formålsparagrafane skal kunne nyttast som rettesnor i det daglege arbeidet på institusjonsnivå. Mellom anna derfor er framlegga uttrykte i eit brukarvenleg språk. Vi har tru på at dei nye formålsparagrafane kan få nett denne verknaden.

2. Til sentrale perspektiv i utvalets framlegg til formål

Formåla er utarbeidde ut frå tre hovudperspektiv, i denne rekkjefølgja, jf. kap. 2.7 og 2.8:

- samfunnsperspektiv
- individperspektiv
- institusjonsperspektiv

Blant fleire tenkjelege perspektiv er dette ei naturleg prioritering som samsvarar med mandatet til utvalet. Både i dei konkrete framlegga til formål og ikkje minst i dei ulike kartleggingane, analysane og vurderingane i innstillinga har utvalet dessutan trekt inn andre perspektiv, noko utvalet skal ha ros for. Til dømes blir samfunnsperspektivet utvida til eit internasjonalt og globalt perspektiv. Dette er naturleg i ei tid der teknologi, varer, tenester og kulturformer kryssar landegrensar i større omfang og raskare tempo enn nokon gong tidlegare. Med dette som bakgrunn har utvalet kome fram til ein fin syntese av tradisjon og utvikling i si tilråding til formål, som bør kunne gi dei unge eit godt grunnlag for å møte utfordringar og mogelegheiter i samfunnet også i framtida.

Mye av innstillinga er sett i eit historisk eller samtidsperspektiv. Dette er ikkje unaturleg, sjølv om innstillinga samla sett skodar klart meir bakover enn framover i tid. Når det gjeld framtids-perspektivet, kan det til tider òg verke som om utvalet føreset at dei dominerande utviklings-trekka vi ser i samfunnet i dag, vil halde fram. Ei slik framskriving kan liggje nær, men samstundes veit vi at dette er ein metode med svake sider. Til utvalets forsvar kan det seiast at eit arbeid som dette ikkje skal stå uendra for all framtid. Tvert imot er det ønskjeleg at det blir teke opp til revidering med ikkje for lange mellomrom. Utvalet skal òg ha ros for å ha gjort relevante og grundige analysar både av samtid og nær fortid.

Dei folkerettslege pliktene vi er pålagde gjennom internasjonale konvensjonar, blir behandla svært utførleg i innstillinga. Som nasjon er vi klart plikta til å gi desse prioritet ved konflikhtar til anna nasjonalt lovverk. Utvalet tek konsekvensen av dette og gjer, ikkje uventa, framlegg om å fjerne den såkalla kristne formålsparagrafen. Som vi har uttrykt under pkt. I, støttar Høgskolen i Oslo framlegga til nye formålsparagrafar.

I mandatet heiter det at utvalet skal "beskrive formål med opplæringen og for barnehagen i noen andre land med særlig vekt på det nordiske perspektivet og vurdere disse opp mot de norske".

Denne delen av mandatet er ikkje blitt prioritert av utvalet og må seiast å ha fått berre ei summarisk behandling (kap. 9). I eit elles grundig arbeid er dette ei svak side ved innstillinga.

Med helsing


Sissel Østberg
rektor


Asulv Frøysnes
høgskoledirektør